

FESTIDALEN 2007 tek form med spanande namn

20.03.2007



Fjorårets Festidalen var ein suksess, med over 1000 personar innanfor portane under arrangementet. I år er det femte året Festidalen vert arrangert, og det skal feirast! Styret har booka spanande namn allereie.

Kva er vel meir passande enn å hyra **Black Debbath** til årets festival? I 1999 gav dei ut singelen "Problemer innad i Høyre" og seinare debutplata Tung, tung Politisk rock. Etter dette har dei gitt ut Welcome to Norway, Den Femte Statsmakt og seinast Naar Vi Døde Rocker – En tungrockhyllest til Henrik Ibsen i 2006. Gruppa bestående av vokalist Lars Lønning, Egil Hegerberg (også kjent frå mellom anna Bare Egil Band), Aslag Guttormsgaard og Ole Petter Andreassen er inspirerte av legendariske Black Sabbath med Ozzy Osbourne i spissen, og spelar blytung bluesbasert 70-tallsrock. Publikum kan glede seg til eit satirisk samansurium av politisk engasjement akkompagnert av tungrock.

Oslobandet **Blind Archery Club** er sagt å vera eit av dei mest omtala norske banda på By:Larm 07, og spela i 2005 på festivalar som Norwegian Wood, Quartfestivalen og klubbØYA. 19. februar i år slapp dei si debutplate The Union, ei etterlengta plate for mange. Stikkorda for dei fem multiinstrumentalistane Per Martin Nordlie, Atle Borgeteien, Håvard Bakken, Ole Kristian Aas og Anders Finslo, er i følgje Platekompaniet sin omtale "drivande solskinsspop med minneverdige harmoniar".

Gutane i **the Wave** er etter kvart kjent for mange Kvinnheringar. Bandet vart danna i hausten 2004 og vokalist Sindre Grønningen, Lasse Digranes, Aleksander Haugland og Eirik Lie har sidan den gong kome til topps i UKM og vunne tittelen "Yngste band" på Eggstock 06. I år deltok dei også i UKM og er foreløpig vidare til fylkesmønstringa i Bergen.

Vinnar av årets Eggstockfestival vert kåra på USF Verftet 19.-21. juni, og skal spela på årets Festidalen. Dette er eit nytt samarbeid som Eggstock også har med Lost Weekend og Raumarrock festivalen. Fleire namn er i ferd med å gå i boks, så publikum kan venta seg fleire godbitar framover.

Verdt å merka seg er at fredag 3. august er open for ungdom under 18 år.

For første gong vil Festidalen også tilby publikum overnatting på eigen festivalcamp. Denne vil vera plassert ikkje langt frå festivalområdet. Dei som ynskjer det kan reservere plass på post@festidalen.no. Vi jobbar og med å få til ein hotellavtale.

Vi i Festidalen håpar også i år å få hjelp frå mange frivillige, og oppmodar unge og eldre unge til å ta kontakt. **Ny-tilflytta og heimflytta borgarar er særskilt velkomne.**

Vi håpar og at kreative sjeler som har noko å syna fram vil ta kontakt med oss. Vi ynskjer at Festidalen skal vere ein arena for mange kunstformer, ikkje bare musikk.

Festival-leiinga